



Utval: Utval for plan og miljø
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 23.10.2013
Tid: 13:00 . 16:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torstein Grimen	Leiar	H
Annar Westerheim	Nestleiar	AP
Gunn Marit Søreide	Medlem	AP
Bård Inge Sørfohn	Medlem	KRF
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og utv.
Lars Knut Aarland	Sakshandsamar
Kristin Meland	Utvalssekretær
Wenche Tislevoll	Ordførar



Torstein Grimen
Leiar

Sigurd Andre Maraas

Annar Westerheim



Kristin Meland
Utvalssekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 70/13	Godkjenning av protokoll	
PS 71/13	Saker handsama etter delegering	
PS 72/13	Stadfesting av detaljreguleringsplan for Søgardsjøen g.nr 83 b.nr.1 m. fl.	
PS 73/13	Stadfesting av detaljreguleringsplan Fitjarstølane Nord Id. 201203	
PS 74/13	Stadfesting av detaljreguleringsplan for Skaraneset gnr. 50/15 , fl.	
PS 75/13	Dispensasjon for bruksendring/gjenreising av løe på 41/2 Kuvik.	
PS 76/13	Søknad om oppføring av stålhall over 3 eksisterande fiskekar på gnr/bnr 61/12/1 Kjærelva	
PS 77/13	Klage på vedtak i sak PS 44/13 den 08.09.2013	
PS 78/13	Baarholm Invest As, klage på vedtak fatta i Sak-46/13.	
PS 79/13	Dispensasjon frå byggjeavstand for oppføring av 17 bueiningar på gnr. 65 bnr. 450 Hamn (Rossneset)	
PS 80/13	Safety Bygg AS, søknad om dispensasjon for bygging på gnr. 17 bnr. 22 Engesund.	
PS 81/13	Restansar pr 17.10.013	
PS 82/13	Ymse	

PS 70/13 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 71/13 Saker handsama etter delegering

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø tek delegeringssakene til vitande.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 72/13 Stadfesting av detaljreguleringsplan for Søgardsjøen gnr. 83/1 m fl.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfester framlagt detaljreguleringsplan for Søgardsjøen.

Plankart dagsett 13.06.2013

Føresegner dagsett 13.06.2013

Planomtale dagsett 12.06.2013

Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova §12-12

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Utvalet var på synfaring i saka.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre stadfester framlagt detaljreguleringsplan for Søgardsjøen.

Plankart dagsett 13.06.2013

Føresegner dagsett 13.06.2013

Planomtale dagsett 12.06.2013

Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova §12-12

PS 73/13 Stadfesting av detaljreguleringsplan Fitjarstølane Nord. ID 201203

Framlegg til vedtak 23.10.2013:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar framlagt detaljreguleringsplan for Fitjarstølane Nord.

Plankart dagsett 01.07.2013

Føresegner dagsett 02.07.2013

Planomtale dagsett 08.07.2013

Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Utvalet var på synfaring i saka.

Konst. plansjef Torgeir Steien vart erklært ugild i saka som bebuar i området og gjekk frå møtet.

Utvalet drøfta saka og kom med slikt framlegg:

Saka vert sendt tilbake til avdeling for plan og utvikling for utarbeiding av følgjande tiltak: Gang/sykelsti med lys, ny tilførsel, muligheter for ringveg. Vurdering av trafikksikringstiltak.

Røysting

Framlegg frå administrasjonen fall.

Framlegg frå utvalet vart samrøystes vedteke og det ligg føre slik;

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert sendt tilbake til avdeling for plan og utvikling for utarbeiding av følgjande tiltak: Gang/sykkelsti med lys, ny tilførsel, muligheter for ringveg. Vurdering av trafikksikringstiltak.

PS 74/13 Stadfesting av detaljreguleringsplan for Skaraneset gnr. 50/15 , fl.**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret å gjere følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar framlagd detaljregulering for Skaraneset med plankart dagsett 19.06.2012 og føresegner dagsett 11.09.2013.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Annar Westerheim (AP) stilte spørsmål om sin habilitet som nabo til planen, i tillegg til at bror har komme med uttale til planen. Representanten ble samrøstes erklært ugild og gjekk frå møtet.

Representanten Bård Inge Sørfonn (KrF) kom med framlegg om å utsetje saka i påvente av synfaring.

Utvalet hadde ikkje merknader til dette. Saka vart utsett.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vart utsett i påvente av synfaring.

PS 75/13 Dispensasjon for bruksendring/gjenreising av løe på 41/2 Kuvik.**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø finn, etter synfaringa og uttale datert 29.08.2013 frå fylkesmannen i Hordaland , ikkje at det er stadfesta overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon for gjenreising og bruksendring av løe på 41/2 i Kuvik. Utvalet stettar administrativt vedtak fatta i sak DS-23/12 den 07.02.2012.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova si § 19-2.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Representanten Torstein Grimen (H) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Etter synfaringa ynskjer utvalet å finna den beste løysinga for å bevare denne unike kystgarden for ettertida.

Den beste løysinga slik vi ser det er å gi løyve til restsaurering/gjenreisning av løe med bruksendring til fritidsbolig. Dette vil etter vårt syn ikkje skapa noko form for hyttetun, det vil tvert imot gje heile tunet eit natureleg uttrykk.

Garden har mange kvaliteter og er ein del av Fitjarøyane si historie. For å bevare ein bit av vår lokalhistorie rår utvalet til at dispensasjonen vert gitt mot at det gamle våningshuset frå midten av 1700 tallet blir tatt vare på for komande generasjoner.

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunner som talar for at vert gjeven

dispensasjon for gjenreisning og bruksendring av løy på 41/2 Kuvik
Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-2.

Representanten Sigurd Andre Maraas (FrP) kom med slikt framlegg til vedtak:
Utval for plan og miljø gjev dispensasjon for oppføring av løy på Kuvik. Utvalet ser den store verdien i representative kystgardar i Fitjarøyane, samt at ein ynskjer at flest mogleg bygningar vert ivareteke i dei ulike kystgardstuna. Å utnytta gamle bygningar i dette området er ein vinn vinn situasjon for alle partar. Nytt og viktig areal vert ikkje råka, noko som medfører at kystlyngheiene vert teke vare på og skjøtsla i tråd med overordna mynde sitt ynskje. Dispensasjon vert gjeven i tråd med pbl. § 19-2.

Utvalet drøfta saka og la fram slikt framlegg:

Etter synfaringa ynskjer utvalet å finna den beste løysinga for å bevare denne unike kystgarden for ettertida.

Den beste løysinga slik vi ser det er å gi løyve til restaurering/gjenreising av løy med bruksendring til fritidsbolig. Dette vil etter vårt syn ikkje skapa noko form for hyttetun, det vil tvert imot gje heile tunet eit natureleg uttrykk.

Garden har mange kvaliteter og er ein del av Fitjarøyane si historie. For å bevare ein bit av vår lokalhistorie rår utvalet til at dispensasjonen vert gitt mot at det gamle våningshuset frå midten av 1700 tallet blir tatt vare på for komande generasjonar.

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunner som talar for at vert gjeven dispensasjon for restaurering/gjenreisning og restaurering av løy på 41/2 Kuvik.

Nytt og viktig areal vert ikkje råka, noko som medfører at kystlyngheiene vert teke vare på og skjøtsla i tråd med overordna mynde sitt ynskje. Dispensasjon vert gjeven i tråd med pbl. § 19-2.

Røysting

Ved røysting fall administrasjonen sitt framlegg.

Framlegg frå utvalet vart samrøystes vedteke og det ligg føre slik;

Vedtaket: (Samrøystes)

Etter synfaringa ynskjer utvalet å finna den beste løysinga for å bevare denne unike kystgarden for ettertida.

Den beste løysinga slik vi ser det er å gi løyve til restaurering/gjenreising av løy med bruksendring til fritidsbolig. Dette vil etter vårt syn ikkje skapa noko form for hyttetun, det vil tvert imot gje heile tunet eit natureleg uttrykk.

Garden har mange kvaliteter og er ein del av Fitjarøyane si historie. For å bevare ein bit av vår lokalhistorie rår utvalet til at dispensasjonen vert gitt mot at det gamle våningshuset frå midten av 1700 tallet blir tatt vare på for komande generasjonar.

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunner som talar for at vert gjeven dispensasjon for restaurering/gjenreisning og bruksendring av løy på 41/2 Kuvik.

Nytt og viktig areal vert ikkje råka, noko som medfører at kystlyngheiene vert teke vare på og skjøtsla i tråd med overordna mynde sitt ynskje. Dispensasjon vert gjeven i tråd med pbl. § 19-2.

PS 76/13 Søknad om oppføring av stålhall over 3 eksisterande fiskekar på gnr/bnr 61/12/1 Kjærelva

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon og dispenserer frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan.

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-1.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Konst. leiar avdeling for plan og utvikling gjorde merksam på at siste setning i framlegget skal lyde slik:

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-2.

Vedtak: (Samrøystes)

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon og dispenserer frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan.

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-2.

PS 77/13 Klage på vedtak i sak PS 44/13 den 08.09.2013**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø meiner at det i klagen ikkje kjem fram nye moment som tilseier omgjerding av vedtaket i sak PS 44/13.

Klagen, dagsett 08.09.2013, vert ikkje teken til følgje. Saken vert å senda Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

PS 78/13 Baarholm Invest As, klage på vedtak fatta i Sak-46/13.**Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø kan ikkje sjå at det i klage, av 06.08.2013, med vedlegg er dokumentert at det ligg føre overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon for bygging av naust med større mønehøgde enn det som går fram av kommuneplanen sine føresegner.

Vedtaket av 18.06.2013 i Sak 46/13 vert ikkje endra.

Saka vert å senda fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

PS 79/13 Safety Bygg AS, søknad om dispensasjon for bygging på gnr. 17 bnr. 22 Engesund.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø meiner det ligg føre overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon frå byggjeforbodet etter plan og bygningslova si § 1-8 og gjev dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona.

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-2.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 80/13 Dispensasjon frå byggjeavstand for oppføring av 17 bueiningar på gnr. 65 bnr. 450 Hamn (Rossneset)

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø finn at det ligg føre overvekt av grunnar som talar for at det vert gjeve dispensasjon frå regulert arealføremål og regulerte byggjeavstandar og dispenserer frå arealføremål og byggjeavstandar slik det er vist i plankart, situasjonskart og planskildring av tiltaket.

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova si § 19-2.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 81/13 Restansar pr 17.10.013

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø tek saka til vitande.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 82/13 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2013:

Representanten Bård Inge Sørfonn (KrF) hadde følgjande :

1. Me har ei Viltnemnd i kommunen. Eg lurar på kor mange møter dei har hatt? Eg ønsker at Utvalg for plan og miljø får referat frå møtene i nemda, slik at me kan få ein liten oversikt på dette feltet, siden dette høyrer til våras utvalg.
2. Redegjøring for sak på gnr. 40/23 – Hatlevik.
3. «Interesselaget for Fitjarøyane har fått en henvendelse fra en av Grunneigarane i Engesund som er med på å holde landskapet i hevd ved vedhogst. Han ønsker å ta vare på veden å få den tørket. Pga. vær og vind er det ofte vanskelig med kun presenning/bølgeblikk, da dette oftast blåser vekk i løpet av en vinter. Han kontakter Fitjar kommune for å spørre om han kan sette opp et foreløpig fast tak, og får blankt nei til det. Det kan ikke være meningen at kommunen skal sette en stopper for all aktivitet i øyane. Det er her ikkje snakk om noe permanent bygg. Vi i interesselaget for Fitjarøyane har hele tiden hatt en forståelse for at Grunneigare og kommunen skal spille på lag for å bevare og skjøte eigedomane. Da må ikke kommunen sette kjepper i julene når Grunneierne ønsker å holde eigedommane vedlike, da må faktisk slike små ting som et provisorisk vedskjul måtte aksepteres. Kommunen bruker øyane som et utstillingsvindu for god skjødtsel og lynghei. Da må en også spille på lag og oppmuntre grunneierne, ikke drepe alt initiativ, da går det fort gale vegen.

Med vennlig hilsen
Bernt-Chr. Pettersen
Formann i Interesselaget for Fitjarøyane»

Ordførar Wenche Tislevoll (H) redegjorde for viltnemnda som har hatt 2 møter i år. Referata vil for ettertida bli lagt føre som melding til utvalet.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka på gnr. 40/23. Rådmannen fremja ikkje saka, då det mangla noko informasjon. Hovudspørsmålet i saka krev dispensasjon frå strandlov og kommuneplan, og er hovudtema i strandsoneprojektet. Før eventuell endring i regelverket vil dette, sjølv med tilfredsstillande svar på den manglande informasjonen, tilsei ei klar negativ tilråding, men det kan endra seg som følgje av projektet. Det kan såleis «lønna seg» å venta.

Konst.leiar plan og utv. Torgeir Steien orienterte om saka i Engesund. Henvendinga gjaldt oppføring av vedskjul, noko som fell inn under vedtaket om bygge- og delingsforbodet i øyane.

Representanten Annar Westerheim (Ap) hadde følgjande.

Det er stor auke av trafikk frå Fitjar mot Reino/Kråko. Det er trong for trafikksikringstiltak her. Rådmannen orienterte om at dette er fylkesveg, men administrasjonen tar kontakt med vegvesenet om saka.

Vedtak: